

Adresse mottaker

Deres ref.:

Vår ref.: ard20013

Bergen: 07.09.2022

UTVIDELSE AV TIDLIGERE VARSLET PLANOMRÅDE - BEGRENSET VARSLING

Side | 1

Det vises til varsel om oppstart for reguleringsplanarbeid i januar 2022 for Lygren indre. Planarbeidet ble varslet i tråd med plan- og bygningsloven (pbl) § 12-8. Det vart varslet om brev til offentlige instanser og naboar, og på nettsida til ard arealplan AS, samt i Strilen den 11.01.2022. Merknadsfrist var 22.02.2022.

Planområdet utvidast no etter innspel frå Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland som kom ifm. varsel om oppstart. Det er ynskjeleg at ein tar med område F2 (sjå i kart neste side) samt ekstra areal for ein eventuell utviding av fylkesvegen.

Forslagsstillar og konsulent

Bente Lygre er forslagsstillar. Ard arealplan AS er konsulent for planarbeidet.

Planområdet

Planområdet ligg på Børøyna, like ved Brusundet, og er kopla på enden av Lygra heilt søraust. Området er i hovudsak ubyggd. Det er i vest oppført to fritidsbustader.

I kommunedelplan for Lindåsane, Lygra og Lurefjorden (2011-2023) er planområdet i hovudsak avsett til fritidsbustader. Delar av området i vest er avsett til LNFR-område.

Planen sitt føremål

Intensjonen med planforslaget er å leggje til rette for utbygging av fritidsbustader. Tilkomstveg vil vere frå fylkesvegen. I det vidare arbeidet skal det vurderast om ein skal opparbeide veg inn i området eller om ein skal etablere felles parkeringsplass og gangtilkomst fram til fritidsbustadene.

Føremål ved utviding av planområdet

Utviding av planområdet vil innlemme resterande areal som ligg som fritidsbustader i gjeldande kommunedelplan for Alver kommune (tidlegare Lindås kommune). Ein legg òg inn meir areal for ein eventuell framtidig utviding av fylkesvegen.

Merknader til varsel om utviding av planområdet

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande planprosessen. Meir informasjon kan lesast på nettsida www.ardarealplan.no. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlege behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Ard arealplan AS
c/o Spaces Media City, Lars Hilles gate 30
5008 Bergen

E-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Alver kommune. Alle mottatte dokument, merknader og andre innspel vil bli sendt til Alver kommune saman med planforslaget.

Merknadsfrist

Frist for merknader er satt til 07.10.2022.

Videre saksgang

Etter merknadsfristen vil forslag til reguleringsplan bli utarbeidd, og deretter sendt inn til Alver kommune for handsaming. Etter 1. gangshandsaming vert planen sendt på høyring og lagt ut på offentleg ettersyn i seks veker. Det vil då vere høve til å komme med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Side | 2

Med beste helsing

Stine Unneland

Stine Unneland

Arealplanlegger



Tlf: 41 57 96 56


E-post: su@ardarealplan.no

Vedlegg:

- Varslingskart
- Varslingsliste

KART OVER PLANOMRÅDET





VARSLINGSLISTE

Statsforvaltaren i Vestland

Vestland fylkeskommune

Statens Vegvesen

BKK NETT AS

sfvpost@statsforvalteren.no

post@vlfk.no

firmapost@vegvesen.no

firmapost@bkk.no

Tilgrensande grunneigarar og naboar i og rundt planområdet

- 58/10
- 58/74
- 58/135